

Kvifor søkje kursstøtte?

- Synlegheit mot beslutningstakarar
- Rimelegare kurs for alle
- Ekstra pott for å nå fleire
- Langsiktig investering og styrking av laget
- Grunnlag for tilskot



Lov om voksenopplæring i Noreg har som formål å:

- fremme livslang læring ved å legge til rette for organisert kursaktivitet ved sida av det formelle utdanningssystemet
- bidra til motivasjon og tilgang til kunnskap og kompetanse for alle, og slik fremme den enkelte si utvikling og møte behova i samfunns- og arbeidsliv

Lova skal ivareta:

- opplæring og deltaking i frivillige organisasjonar
- bidra til å bevare eit mangfaldig kulturliv
- ta vare på kulturarven gjennom læring

STUDIEFORBUNDET
KULTUR og TRADISJON



Meirverdi ved å søkje støtte i Studieforbundet

Synlegheit mot beslutningstakarar. Opplæringsaktivitet i Studieforbundet synleggjer slik kor viktig kultur og tradisjon er for samfunnet, og påverkar kulturpolitiske prioriteringar på både på lokalt og nasjonalt nivå. Ved å søkje om støtte, synleggjer lokallaget aktiviteten sin ikkje berre for Studieforbundet, men også for lokale og nasjonale beslutningstakarar. Dette er viktig for å vise at det skjer eit aktivt og verdifullt arbeid på grasrotnivå. Når mange lag søkjer og får støtte, styrkar det heile organisasjonen si røyst i dialogen med politikarar og andre som fastset kulturpolitiske prioriteringar og støtteordningar.

Rimelegare kurs for alle. Med støtta, kan kurs og aktivitetar arrangerast for ein lågare pris, noko som er spesielt viktig for å nå ut til flest mogleg, inkludert dei som har dårleg råd. Dette bidreg til å sikre at ingen blir utestengd frå deltaking på grunn av økonomi. Når kurs blir rimelegare, opnar det døra for breiare deltaking og gjer at fleire kan dra nytte av læring og kulturformidling.

Ekstra pott for å nå fleire. Støtta kan også gi lokallaget ein ekstra pott til å arbeide aktivt med å nå dei som treng ein ekstra motivasjon, eller invitasjon for å delta. Dette kan inkludere målretta innsats for å inkludere grupper, som ungdom eller andre som elles kanskje ikkje ville funne vegen til desse aktivitetane. På denne måten kan lokallaget spele ei nøkkelrolle i å og styrke sosial inkludering og nedkjempe utanforskap.

Langsiktig investering og styrking av laget. Å søkje om støtte, sjølv om summen kan verke liten, er ein langsiktig investering i lokallaget si berekraft og utvikling. Det styrkar laget økonomisk og gir moglegheiter til å halde oppe aktivitetar som er viktige for lokalsamfunnet. Små beløp kan gjere stor forskjell når dei blir brukt strategisk, og dei kan også bidra til å bygge opp eit godt grunnlag for framtidige søknadar om større midlar.

Grunnlag for tilskot. Kursaktivitet i lokallaga dannar grunnlaget for fylkestilskot og kompetansetilskot. Auka kursaktivitet styrkar tilskot til studieforbunda. Ved å melde kurs inn, blir det generert pengar til desse strukturane, som i neste rekkje gjer at organisasjonen blir styrka og frivillig sektor byggjer musklar og stabilitet.

Kort sagt, sjølv om støtta frå Studieforbunda kan verke beskjeden, gjev ho stor verdi gjennom auka synlegheit, rimelegare kurs, inkludering av fleire deltakarar og ei generell styrking av lokallaget, organisasjonane og frivillig sektor overordna. Dette er ikkje berre viktig for laget sjølv, men også for heile det kulturelle fellesskapet som det er ein del av.